



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/093115-002

Dykkar referanse:
15/2095 - 15/14584

Vår dato:
27.08.2015

Uttale - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av areal til bustadbygging på Hjertås gnr 9 bnr. 10 - Meland kommune

Vi viser til e-post med vedlegg motteken 23.07.2015 og uttalefrist 24.08.2015. Vi orsakar at uttalen kjem etter fristen. Grunnen til dette er ferieavvikling og stor saksmengde.

Saka gjeld søknad om frådelling av areal til bustadbygging. Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).

Det aktuelle arealet ligg langs fv 564 Rosslandsvegen. Om lag halvparten av omsøkt areal ligg innanfor byggegrensa langs veg.

Fylkesvegen på den aktuelle strekninga er vist med haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)*. Det inneber at vegen er ein viktig hovudveg, med regional og overordna lokal funksjon. Byggegrensa på 50 meter skal i utgangspunktet ivareta langs slike strekningar. Statens vegvesen vil derfor understreke at store deler av det omsøkte arealet ikkje kan påreknast nytta til utbygging.

Store deler av omsøkt areal ligg i støysona langs fylkesvegen. Kommuneplanens arealdel inneheld mellom anna følgjande føresegnar om støy:

Raud sone (H210)

I raud sone er det ikkje tillate å føre opp av nye bygg som skal nyttas til føremål som er vare for støy. Tiltak på eksisterande bygningar kan gjerast, men auke i bruks- eller bueningar vert ikkje tillate.

Gul sone (H220)

I gul sone er det krav om støyfagleg utgreiing for etablering av ny busetnad til føremål som er vare for støy, jf. T-1442, Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging som skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av byggesaker innafor sone.

Statens vegvesen rår til at parsellen som er søkt frådelt vert avgrensa i omfang, då deler av den ligg innanfor byggegrensa langs fylkesvegen og ikkje er eigna for bustadføremål på grunn av støy.

Vi legg elles til grunn at omsøkt parsell vil ha avkøyrsløse frå kommunal veg.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam